

2019

1. kvartal



Kommentarar 1. kvartal 2019

Konsernet

Konsernet si hovudverksemd omfattar følgjande område:

- Bankverksemd
- Eigedomsmekling
- Rekneskapsføring

Alle desse områda er konsesjonspliktige.

I tillegg driv konsernet med eigedomsutvikling og investeringsverksemd. Den samla verksemda blir utført av morselskapet og 5 heileigde dotterselskap.

Konsernrekneskapsen omfattar også to felleskontrollerte verksemder inn mot SpareBank 1-Alliansen.

Konsernet har eit samla resultat etter skatt på 62,1 mill. kroner hittil i år. Dette er 32,7 mill. over resultatet på same tid i fjor. Meir kommentarar til konsernresultat i avsnittet om forsikringsfusjon.

Bankverksemda

Bankverksemda blir drive av morbanken SpareBank 1 Hallingdal Valdres. I kvartalet har verksemda hatt 83,9 årsverk.

Banken har eit driftsresultat etter skatt per 1. kvartal på 23,8 mill. kroner som svarar til 0,91 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Resultatet er 1,3 mill. svakare enn tilsvarande periode i fjor. Resultatet for 1. kvartal både i år og i fjor er i stor grad basert på normal drift.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter utgjør 47,1 mill. kroner og er 2,7 mill. over tilsvarande periode i fjor. Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er per 1. kvartal på 1,79 %. I same periode i fjor var Rentenettoen 1,80 %. I denne posten inngår også 1,3 mill. i kostnadsført i sikringsfondsavgift. Årsavgifta er periodisert slik at dette utgjør ca. ¼ av årleg avgift.

Netto andre driftsinntekter utgjør 23,5 mill. kroner mot 26,1 mill. i same periode i fjor. Årsaka til nedgangen er mindre inntekter frå betalingsformidling, forsikring og plassering i høve til fjoråret. Det er også ein liten nedgang i provisjonsinntekter frå overførte lån til SpareBank 1 Boligkreditt pga. stigande finansieringskostnader i marknaden.

Driftskostnadane per 1. kvartal aukar frå 38,1 mill. i fjor til 38,8 mill. kroner i år. Samla sett ein forsiktig kostnadsauke der lønnskostnaden og andre driftskostnader er litt ned og administrasjonskostnadane aukar.

Resultatrekneskapsen viser ein netto tapskostnad på 1,7 mill. kroner. Auka nedskrivningar knytt til utlån utgjør 0,8 mill. kroner av tapskostnaden så langt i år. Om lag like mykje kjem frå konstateringar av tap.

Banken har ved utgangen av 1. kvartal ein forvaltningskapital på 10,6 mrd. kroner etter ein vekst på 6,6 % siste 12 månader.

Balansførte utlån samt overførte lån til kredittføretaket SpareBank 1 Boligkreditt AS (boligkreditt) har ein vekst frå 1. kvartal i fjor på 340 mill. kroner eller 3,1 %. Banken har overført bustadlån for i underkant av 2,5 mrd. kroner til boligkreditt. Dette utgjør 22,2 % av balansførte og overførte lån. Samla utlån fordeler seg med 72 % til privatmarknaden og 28 % til bedriftsmarknaden.

Sum engasjement som er misleghalde lengre enn 90 dagar utgjør per 1. kvartal 46,3 mill. av utlånsvolumet og er ein auke på 6,2 mill. frå same tid i fjor. Sidan utgangen av 2018 har volumet auka med 8,7 mill. kroner. Misleghaldet utgjør med det 0,53 % av brutto utlån. Samla nedskrivningar for verdifall på utlån utgjør 51,6 mill. kroner. Misleghald og tap er ytterlegare spesifisert på side 4 i kvartalsrapporten.

Innskota ved utgangen av 1. kvartal er på vel 7,7 mrd. kroner som er ein auke på 454 mill. siste 12 månader. Innskota fordeler seg med 4,3 mrd. frå privatmarknaden og 3,5 mrd. frå bedriftsmarknaden. Auken siste 12 månader er på 6,2 %. Utlåns- og innskotsutviklinga gjer at finansieringsgraden (innskot/ utlån) ved kvartalslutt er på 89,1 % mot 86,1 % for eit år sidan.

Banken har per utgangen av mars ca. 1,5 mrd. kroner i eksterne innlån fordelt på 5 obligasjonslån på ca. 1,3 mrd. kroner, eit banklån på 100 mill. kroner og to ansvarlege lån på til saman 120 mill. kroner. Ingen av innlåna har resterande løpetid på under eit år.

Eigedomsmekling

Denne verksemda blir drive av dotterselskapet EiendomsMegler 1 Fjellmelegren AS og har 22,1 årsverk. Selskapet har hatt ein sterk aktivitetsvekst dei siste par åra og har ein leiande marknadsposisjon i Hallingdal. I Valdres er selskapet i ein utfordrarposisjon, men er i ferd med å etablere seg som ein av dei større aktørane i lokalmarknaden.

Selskapet har eit driftsresultat før skatt per 1. kvartal på 2,6 mill. som er 0,5 mill. over tilsvarande periode i fjor. Driftsinntektene på 13,6 mill. er 1,6 mill. over 1. kvartal i 2018. Så langt i år har selskapet omsett 204 eigedomar mot 177 i same periode i fjor.

Rekneskap og økonomisk rådgjeving

Denne verksemda blir drive av dotterselskapet SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS. Selskapet har 44,5 årsverk og har kontor i 5 kommunar i Hallingdal og i 2 kommunar i Valdres.

Selskapet har eit driftsresultat før skatt per 1. kvartal på 0,4 mill. noko som er 0,6 mill. betre enn i tilsvarande periode i fjor. Driftsinntektene aukar med 2,4 mill. til 12,2 mill. kroner i det same tidsrommet.

Andre verksemder

Ved sida av morselskapet si eiga drift av eigedomar blir Heggenes og Fagernes drifta av SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS. Selskapet har i kvartalet eit underskot før skatt på 0,3 mill. kroner. Dette er eit litt mindre underskot enn same periode i fjor. Endringar i bygningsmassen på Heggenes er under prosjektering.

Konsernet si investeringsverksemd blir drive av SpareBank 1 Hallingdal Invest AS. Selskapet har utvikla eit tomtefelt på Flå og har ein eigedom på Geilo der eit utviklingsprosjekt er i startgropa. Resultatet før skatt per 1. kvartal er på -0,2 mill.

kroner noko som er på nivå med same periode i fjor. Resultatutviklinga i selskapet vil i stor grad vere avhengig av framtidig tomtesal på Flå og Geilo.

Felleskontrollert verksemd

Banken eig 7,8 % i kvar av dei felleskontrollerte selskapa Samarbeidende Sparebanker AS (SamSpar) og Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS. Desse selskapa er eigd av dei 10 minste bankane i SpareBank 1 Alliansen. Samarbeidende Sparebanker AS eig 19,5 % av SpareBank 1 Gruppen AS. Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS eig 19,5 % av BN Bank.

Resultatandelen frå desse verksemdene inngår i konsernrekneskapsen, i tillegg til morbanken og dotterselskapa, og utgjør 38,3 mill. kroner av det samla konsernresultatet på 62,1 mill. Årsaka til det gode resultatet er kommentert nedanfor under forsikringsfusjon.

Kapitaldekning

Frå og med 2018 vart det innført krav om innkonsolidering av eigardelar i føretak i samarbeidande gruppe i utrekning av kapitaldekning. Reglane gjer at selskapa SB1 Boligkreditt AS, SB1 Næringskreditt AS, SB1 Kredittkort AS, SB1 SMN Finans AS og BN Bank blir konsolidert inn i høve til eigardelar i utrekninga for konsernet. Etter desse reglane har konsernet ved utgangen av 1. kvartal ei kapitaldekning på 19,9 %. Morbanken har ei kapitaldekning på 19,8 %. Kvartalsrekneskapsen er ikkje revidert så resultatet hittil i år er ikkje lagt til den ansvarlege kapitalen. Banken har eit ansvarleg lån på 120 mill. kroner som styrkar den ansvarlege kapitalen og kapitaldekninga.

Forsikringsfusjon

Fremtind Forsikring AS vart 1. januar 2019 eit resultat av fusjonen mellom SpareBank 1 Skadeforsikring AS og DNB Skadeforsikring AS. Fusjonen vart grundig omtala i kvartalsrekneskapsen for 3. kvartal 2018 og i årsrapporten for 2018.

I transaksjonsavtala vart det lagt til grunn eit bytteforhold på 80 prosent for SpareBank 1 Skadeforsikring AS og 20 prosent for DNB Skadeforsikring AS. DNB ASA kjøpte seg i januar 2019 opp til ein eigardel på 35 prosent i selskapet. DNB ASA har vidare ein opsjon på å kjøpe seg opp til 40 prosent eigardel. Opsjonen går ut 31. mars 2020.

DNB ASA sitt oppkjøp til 35 prosent eigardel gav SpareBank 1 Gruppen AS (morselskapet) ein skattefri gevinst på ca. 1,7 mrd. kroner. Denne gevinsten vart utdelt som ekstraordinært utbytte til eigarane den 29. mars. I første omgang er det SamSpar som har motteke utbyttet. SamSpar vil dele det vidare ut til sine eigarbankar i løpet av 2. kvartal. SpareBank 1 Hallingdal Valdres sin del av dette utbyttet utgjør ca. 26 mill. kroner og vil koma i tillegg til det ordinære utbyttet frå selskapet i år.

Samla sett medførte forsikringsfusjonen ein auka eigenkapital for SpareBank 1 Gruppen på konsernnivå på ca. 4,7 mrd. kroner. Majoriteten (SpareBank 1-bankane og LO) sin del av denne auken er ca 2,4 mrd. kroner. Samarbeidende Sparebanker AS har innarbeidd sin del av denne auken i konsernrekneskapsen for 1. kvartal. Vidare har SpareBank 1 Hallingdal Valdres innarbeidd sin del av auken, som utgjør ca. 38 mill. kroner, gjennom resultatføring i konsernrekneskapsen no i 1. kvartal. Denne transaksjonsgangen er årsaka til det gode resultatet til konsernet SpareBank 1 Hallingdal Valdres i 1. kvartal. Etter utbetaling av ekstraordinært utbytte til morbank i 2. kvartal, vil også rekneskapsen for morbank vise effekten av fusjonen.

Fremtind Forsikring AS har per dags dato ikkje fått konsesjon til å overføre personforsikringsprodukta frå SpareBank 1 Forsikring AS og DNB Livsforsikring AS. Desse produkta er forventet overført til det nye dotterselskapet Fremtind Livsforsikring AS i løpet av 2019 under føresetnad av endeleg godkjenning frå Finanstilsynet.

Endra eigarskap i BN Bank ASA og SpareBank 1 Næringskreditt AS

SpareBank 1-bankane er same om ei avtale som endrar eigarstrukturen i desse selskapa. Endringa vil medføre at SpareBank 1 Hallingdal Valdres sel aksjeposten i BN Bank ASA. Aksjane har vore i banken si eige sidan 2008. I tillegg sel banken B-aksjane i selskapet SpareBank 1 Næringskreditt AS. Desse transaksjonane er venta å bli gjennomført i 2. kvartal og kan gje banken ein salsgevinst på vel 50 mill. kroner.

Framtidsutsikter

Bankane har i lengre tid hatt fokus på å styrke kapitalen i samsvar med stadig aukande kapitalkrav som er blitt innført i kjølvatnet av finanskrisa i 2008. Kapitalstyrkinga har ført til at dei fleste bankar har prioritert ein forsiktig og balansert utlånsvest som ikkje har vore for kapitalkrevjande. Denne perioden ser no ut til å vere over. Dei fleste bankar har nådd eit tilfredsstillande kapitalnivå og det verkar som større aktørar no «kvesser knivane» for å auke sine marknadsandelar, spesielt innfor marknaden for bustadlån. Dette har blitt merkbart i lånemarknaden og banken har gjennomført tiltak for å møte den auka priskonkurransen.

Lønsemd er det primære målet for banken og vil alltid ligge til grunn for ein balansert vekst framover.

Året 2019 har starta bra med eit resultat så langt i tråd med forventningane. Årsresultatet kjem til å få eit lyft frå forsikringsfusjonen og endringane i eigarskapet i BN Bank ASA og SpareBank 1 Næringskreditt AS når desse transaksjonane er gjennomført fullt ut.

Hallingdal, 31.03.19/14.05.19

Kjell Vidar Bergo Sissel Skrindo Tore Østlund Gro Lundby
styreleiar

Ragnhild Kvernberg Odd Holde Vidar Isungset Ellen Intelhus

Knut Oscar Fleten
adm. direktør

Resultatrekneskap 1. kvartal 2019 Tal i heile 1000 kroner

MORBANK					KONSERN					
Året 18	1. kv. 18	1. kv. 19	31.03.18	31.03.19		31.03.19	31.03.18	1. kv. 19	1. kv. 18	Året 18
297 775	71 038	79 200	71 038	79 200	Renteinntekter og liknande inntekter	78 978	70 645	78 978	70 645	295 965
111 710	26 652	32 088	26 652	32 088	Rentekostnader og liknande kostnader	32 083	26 782	32 083	26 782	111 617
186 066	44 386	47 112	44 386	47 112	Netto rente- og provisjonsinntekter	46 895	43 863	46 895	43 863	184 348
27 990	4 473	4 740	4 473	4 740	Utbytte og andre innt.av verdipapir med variabel avk.	41 098	8 362	41 098	8 362	37 890
80 425	21 165	18 393	21 165	18 393	Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	18 393	21 165	18 393	21 165	80 425
6 089	1 578	1 096	1 578	1 096	Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	1 096	1 578	1 096	1 578	6 089
19 094	580	-2	580	-2	Netto verdiendr. og gevinst/tap valuta og verdipapir	-2	580	-2	580	19 094
4 948	1 496	1 483	1 496	1 483	Andre driftsinntekter	24 758	22 035	24 758	22 035	80 336
126 368	26 136	23 518	26 136	23 518	Sum andre inntekter	83 151	50 564	83 151	50 564	211 656
312 433	70 523	70 629	70 523	70 629	Sum driftsinntekter	130 046	94 427	130 046	94 427	396 004
76 174	19 485	19 310	19 485	19 310	Personalkostnader	35 287	33 757	35 287	33 757	131 328
40 616	9 000	11 760	9 000	11 760	Administrasjonskostnader	11 201	8 760	11 201	8 760	39 706
4 655	2 172	1 473	2 172	1 473	Avskrivningar mv av varige driftsmiddel	2 027	4 325	2 027	4 325	12 591
25 791	7 483	6 264	7 483	6 264	Andre driftskostnader	10 806	10 632	10 806	10 632	42 669
147 235	38 140	38 806	38 140	38 806	Sum driftskostnader	59 321	57 474	59 321	57 474	226 294
165 198	32 383	31 824	32 383	31 824	Resultat før tap	70 725	36 953	70 725	36 953	169 710
5 408	249	1 718	249	1 718	Tap på utlån, garantier mv	1 718	249	1 718	249	5 408
142	-29	-193	-29	-193	Nedskr og gev./tap på verdipapir haldne på lang sikt	-193	-29	-193	-29	142
159 648	32 163	30 299	32 163	30 299	Resultat etter tap	69 200	36 733	69 200	36 733	164 160
27 994	7 040	6 500	7 040	6 500	Skatt på ordinært resultat	7 059	7 302	7 059	7 302	27 719
131 654	25 123	23 799	25 123	23 799	Resultat av ordinær drift etter skatt	62 141	29 431	62 141	29 431	136 441
131 654	25 123	23 799	25 123	23 799	Resultat	62 141	29 431	62 141	29 431	136 441

Nøkkeltal

MORBANK	1. kv. 19	1. kv. 18	Året 18	Norm 18 *
RENTABILITET				
Rentenetto i % av gj.sn forvaltn.kapital	1,79	1,80	1,81	1,78
Driftskostnader i % av driftsinntekter	54,94	54,08	47,13	52,44
Driftskost. i % av gj.sn.forvaltn.kapital	1,48	1,54	1,44	1,30
Eigenkapitalrentabilitet (før skattekostnad)	9,20	10,51	12,33	10,43
Eigenkapitalrentabilitet (etter skattekostnad)	7,22	8,21	10,17	8,18
FINANSIERING				
Utlånsvekst (brutto) i % siste 12 md.	2,70	7,84	5,36	6,99
Overførte lån til kredittforetak (1000 kr)	2 483 114	2 369 346	2 454 499	
Utlånsvekst i % siste 12 mnd. inkl. overført til kredittforetak	3,14	91,13	5,94	7,51
Innskotsvekst i % siste 12 mnd.	6,22	8,23	4,00	5,80
Innskot i % av brutto utlån	89,06	86,09	85,46	81,38
Auke i forvaltn.kapitalen i % siste 12 mnd.	6,62	8,17	5,60	6,92
Likviditetsreserve i % (LCR)	151,00	132,00	169,00	187,35
SOLIDITET				
Netto ansvarleg kapital (1000 kr)	1 246 319	1 100 968	1 256 260	
Kapitaldekning i %	19,82	18,27	20,02	21,41
Uvekta kjernekapitalandel i % (leverage ratio)	9,99	9,87	10,05	10,08
Eigenkapitalprosent	12,66	12,54	12,47	11,18
Nedskrivning i % av brutto utlån	0,59	0,57	0,57	0,52
Bokførte tap i % av brutto utlån	0,02	0,00	0,06	0,09
KONSERN				
Likviditetsreserve i % (LCR)	162,00	197,00	180,00	
Netto ansvarleg kapital (1000 kr)**	1 632 608	1 387 537	1 624 561	
Kapitaldekning i % **	19,93	18,11	21,41	20,17
Uvekta kjernekapitalandel i % (leverage ratio)**	9,65	8,67	9,64	

* Bygges på tal frå Bankenes sikringsfond for bankar med forvaltningskapital mellom 3 og 10 mrd. kroner.

** Frå og med 1. kvartal 2018 blir tal etter nye konsolideringsreglar for eigarforetak i samarbeidande gruppe rapportert.

Dotterelskap Tal i heile 1000 kroner

DRIFTSINTEKTER	31.03.19	31.03.18	Endring	RESULTAT FØR SKATT	31.03.19	31.03.18	Endring
EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS	13 614	12 040	1 574	EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS	2 643	2 138	505
SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS	0	1 916	-1 916	SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS	-83	-109	26
SpareBank 1 Hallingdal Invest AS	0	1	-1	SpareBank 1 Hallingdal Invest AS	-181	-170	-11
SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS	12 152	9 793	2 360	SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS	423	-183	606
SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS	898	1 142	-244	SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS	-259	-539	279
Sum	26 665	24 892	1 772	Sum	2 543	1 138	1 405

Balanse per 31. mars 2019

Tal i heile 1000 kroner

MORBANK				KONSERN		
31.12.18	31.03.18	31.03.19	EIGEDELAR	31.03.19	31.03.18	31.12.18
74 786	72 282	69 122	Kontantar og fordringar på sentralbankar	69 122	72 282	74 786
507 703	400 110	693 279	Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	693 304	400 032	507 727
8 893 341	8 470 238	8 697 154	Brutto utlån til og fordringar på kundar	8 649 405	8 373 355	8 845 591
-11 223	-10 185	-11 998	- Individuelle nedskrivningar	-11 998	-10 185	-11 223
-39 600	-37 900	-39 600	- Gruppevise nedskrivningar	-39 600	-37 900	-39 600
8 842 518	8 422 153	8 645 557	Netto utlån til og fordringar på kundar	8 597 807	8 325 270	8 794 768
14 000	21 030	14 000	Overtekne eigedelar	14 000	21 030	14 000
412 795	412 712	434 494	Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. v.papir	434 494	412 712	412 795
573 316	464 583	578 411	Aksjar, andelar og andre vp. med variabel avkastning	578 652	464 902	573 556
78 071	78 071	78 071	Eigarinteresser i tilknyttta selskap	227 518	181 958	181 702
33 031	47 739	35 059	Eigarinteresser i konsernselskap	-	-	-
4 700	5 193	4 700	Immatrielle eigedelar	6 405	7 059	6 405
73 557	14 741	72 965	Varige driftsmidlar	93 882	99 500	94 234
11 912	38 849	12 001	Andre eigedelar	31 434	59 723	31 424
5 734	5 064	5 960	Forskotsbetalingar og opptente inntekter	51 108	43 513	46 116
10 632 123	9 982 527	10 643 618	Sum eigedelar	10 797 726	10 087 981	10 737 513
			GJELD OG EIGENKAPITAL			
100 057	100 000	100 000	Gjeld til kredittinstitusjonar	100 675	100 712	100 731
7 600 246	7 292 186	7 745 960	Innskot frå og gjeld til kundar	7 724 905	7 271 263	7 582 395
1 324 278	1 202 892	1 254 307	Gjeld stifta v/ utsteding av verdipapir	1 254 307	1 202 892	1 324 278
128 371	43 141	40 890	Anna gjeld	62 392	51 290	144 877
12 977	11 116	15 217	Påkomne kostnader og forskotbetalte inntekter	23 389	22 283	13 390
20 503	21 690	20 254	Avsetningar til forpliktingar og kostnader	20 378	22 432	20 607
120 000	60 000	120 000	Ansvarleg lånekapital	120 000	60 000	120 000
9 306 432	8 731 025	9 296 628	Sum gjeld	9 306 046	8 730 872	9 306 278
805 700	805 700	805 700	Eigenkapitalbevis	805 700	805 700	805 700
11 581	11 581	11 581	Overkursfond	11 581	11 581	11 581
1 176	1 176	1 176	Kompensasjonsfond	1 176	1 176	1 176
818 458	818 458	818 458	Sum innskote eigenkapital	818 457	818 457	818 457
372 547	285 701	372 547	Utjamningsfond	372 547	285 701	372 547
126 698	114 181	126 698	Grunnfondskapital	126 698	114 181	126 698
7 989	8 039	5 489	Gåvefond	5 489	8 039	7 989
-	-	-	Fond for vurderingsulikheiter	104 757	103 887	103 631
-	-	-	Anna eigenkapital	1 549	-2 587	1 913
507 233	407 922	504 733	Sum opptent eigenkapital	611 040	509 221	612 778
-	25 123	23 799	Resultat hittil	62 183	29 431	-
1 325 691	1 251 503	1 346 990	Sum eigenkapital	1 491 680	1 357 109	1 431 235
10 632 123	9 982 527	10 643 618	Sum gjeld og eigenkapital	10 797 726	10 087 981	10 737 513
			POSTAR UTANOM BALANSEN			
458 180	519 241	451 596	Betinga forpliktingar	451 596	519 241	458 180

Misleghald og tap på utlån

Tal i heile 1000 kroner

	MORBANK		
MISLEGHALDNE LÅN	1. kv. 19	1. kv. 18	Året 18
Brutto misleghaldne lån	46 349	40 137	37 601
- individuelle nedskrivning	8 223	9 026	9 348
NETTO MISLEGHALDNE LÅN	38 126	31 111	28 253
IKKJE MISLEGH. LÅN MED NEDSKRIVING			
Brutto utlån	4 874	1 159	2 130
- individuelle nedskrivning	3 775	1 159	1 875
NETTO IKKJE MISL.H. LÅN M/NEDSKR.	1 099	-	255
TAP PÅ UTLÅN OG GARANTAR			
Endring gruppenedskrivning	-	-	1 700
Endring individuell nedskrivning	943	258	1 890
Konstatert tap i perioden	816	3	2 289
Inngått på tidl.konst. tap	-41	-13	-472
TILBAKEFØRING (-) / TAP I PERIODEN (+)	1 718	248	5 407

Tlf 9150 3202
Faks 3202 3901
post@sb1.no
www.sb1.no
Foretaksregisteret
937 889 631

Kundesenteret
Postboks 33
3551 Gol
Forretningsadresse
Postboks 173
3571 Ål

Kontor: Geilo, Ål, Gol, Hemsedal,
Fagernes, Heggnes og Beitostølen

SpareBank 
HALLINGDAL VALDRES